

Notat vedrørende gnr/bnr 234/43, Heltveitvegen 29.

Dette notatet gjeld det resterande arealet av Helleberget 29. Innhaldet er berre aktuelt å be om vurdering av dersom det ikkje er til hinder eller kompliserande for innspelet om fortetting av naustområdet på Helleberget.

Grunnen til notatet er at det i det seinare har tilkome ein del ny informasjon. Noko av denne er samla i særtrykket «Husmannsplassen på Helleberget» (vedlegg N 2). Som her nemnt på side 26, vart vi merksame på at det frå den rivne husmannsstova var teke vare på ein god del bygningsmaterial og inventar. Grunnmuren er framleis nokolunde intakt. Av utløa ligg framleis grunnmuren att, og rundt den, medteke materiale som likevel har tillete måltaking. Mellom anna er registrert og til dels teke vare på materiell som syner at den vesle utløa hadde golv og var grindbygd.

Dette gjorde at det ei stund vart vurdert om det kunne lata seg gjera å byggja opp att, ikkje berre naust, men kanskje òg stova og den vesle utløa. Etter å ha sondert moglegheitene for dette, mellom anna med Lindås sogelag og Alver kommune sitt kulturkontor, slo vi fast at det ikkje var realistisk, i alle høve ikkje på kort sikt. Sjølv om det i framtida kanskje kunne bli meir aktuelt, er dette sjølv sagt for uvisst til å koma med framlegg om endring av noverande arealkategori LNF.

Det einaste som kanskje likevel kunne vera aktuelt, var å gje det aktuelle arealet status som «LNF(R), bokstav b». Kan dette gjerast utan å skapa komplikasjonar for innspelet vårt om fortetting av naustplassen, ber vi om at det kan verta realitetshandsama.

Venleg helsing


Eli Kristine Lehmann


Vidar Lehmann

Vedlegg: N 1. Kart med innteikna aktuelt areal

- N 2. Særtrykket «Husmannsplassen på Helleberget. Ei søge om småfolk sine strev - same liv».

Vedle N 1

